Administrasjonen si vurdering av saka er at ein ikkje kan sjå at omsynet bak føresegna vert vesentleg sett til side ved å gje denne dispensasjonen. Overskridinga er relativt liten, då det er snakk om 12,6 m² "for mykje". Tillete bebygd areal (BYA) i området er satt til 20%, og den omsøkte hytta ligg langt under dette med berre 13,1 % BYA.

Administrasjonen i Eid kommune meiner at på bakgrunn av det som er nemnd over og det faktum at det ikkje er komt naboprotestar til søknaden at det ligg føre ei overvekt av omsyn som talar for ein dispensasjon frå maksimalt tillete utbygd areal på 140 m².

Administrasjonen tilrår at søknaden vert etterkomen.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegnene til utbyggingsplan for FB6 og FB7 Harpefossen, § 3.1, for overskriding av maks tillete utbygd areal med 12,6 m².

15.09.2009 TEKNISK STYRE

Sigurd Reksnes var ugild, og gjekk frå under handsaminga av saka. Geir Lefdal gjekk inn som møteleiar.

TS-106/09 VEDTAK:

Som tilrådinga. Mot 3 røyster

Elin Leikanger
-konst. rådmann-

EID KOMMUNE
PLAN- OG UTVIKLINGSAVDELINGA

Hulebyggaren AS
Postboks 286

6771 NORDFJORDEID

Vår ref.	Dykkar ref.	Dato:
09/1448-4/GBNR-20/116, K1-614//TTE		23.09.2009

MELDING OM VEDTAK - DISPENSASJON FRÅ FØRESEGNER I REGULERINGSPLAN IFM OPPFØRING AV HYTTE

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegnene til utbyggingsplan for FB6 og FB7 Harpefossen, § 3.1, for overskriding av maks tillete utbygd areal med 12,6 m².

15.09.2009 TEKNISK STYRE

Sigurd Reksnes var ugild, og gjekk frå under handsaminga av saka. Geir Lefdal gjekk inn som møteleiar.

TS-106/09 VEDTAK:

Som tilrådinga. Mot 3 røyster

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast med heimel i Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 (pbl.) § 1-9, jf Lov om behandlingsmåten i forvaltningen av 10. februar 1967 (forvaltningslova) kapittel VI. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt melding om vedtaket er kome fram til vedkomande part, jf forvaltningslova § 29. Klageskjema er vedlagt.

Postadr.:	Telefon:	Telefaks:	Bankgiro:	E post:
Rådhusvegen 11 6770 Nordfjordeid Org.nr..938521816	57 88 58 00	57 88 58 01	3790.07.00130 5398.05.01120	post@eid.kommune.no Heimeside: http://www.eid.kommune.no

Viser elles til vedlagde saksutgreiing

Med helsing

Gerd Fløde Bjørlo
Plan-og utviklingssjef

Tonje Lønnebakke Tennebø
Saksbehandler

Gebyr for tenester etter Plan og Bygningslova:
jf Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova og Lov om eigarseksjonering av 6. desember 2005, vedteken med heimel i pbl. § 109.

09. f) Dispensasjon	1 010,-
Totalt:	**1 010,-**

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter faktureringsdato.

Kopi til:
Ottar Kaldhol Ulsteinvik 6067 ULSTEINVIK

EID KOMMUNE

Møtebok – Adm.vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	**Møtedato**	**Saksnr**	**Saksansv.**
Administrativt vedtak v/plan-og utviklingssjefen	23.09.2009	357/09	TTE

Saksbeh: .: Tonje Lønnebakke Tennebø	**Arkiv:** 614GBNR-20/116, K1-614 **Objekt:**	**Arkivsaknr** 09/1448 -5

LØYVE - OPPFØRING AV NY HYTTE - OTTAR KALDHOL

Saksdokument:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	16.07.2009	Hulebyggaren AS	Byggesøknad - Hytte
2	U	10.08.2009	Hulebyggaren AS	Foreløpig svar vedr oppføring av hytte - Ottar Kaldhol
4	U	23.09.2009	Hulebyggaren AS	Melding om vedtak - dispensasjon frå føresegner i reguleringsplan ifm oppføring av hytte

Saksopplysningar:

Viser til søknad om løyve til tiltak, motteken 23.07.2009.

Eigedom: Gnr. 20 bnr. 116
Ansvarleg søkjar: Hulebyggaren AS
Tiltakshavar: Ottar Kaldhol

Søknaden er handsama etter Plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr. 77 (pbl.)

Det omsøkte tiltaket krev løyve frå kommunen etter pbl. § 93 bokstav. Før løyve vert gjeve skal kommunen sjå til at løyvet ikkje vil vere i strid med regler gjevne i eller i medhald av lova, jf pbl. § 95 nr. 2.

Tiltak:

Det er søkt om løyve til oppføring av ny hytte. Hytta er oppgjeve å ha eit bruksareal på 186,2 m² og eit bebygd areal på 152,6 m². Hytta er i to etasjer.

Naboar og gjenbuarar er blitt varsla i medhald av pbl. § 94 nr. 3. Det er ikkje kome inn merknader innan fristen på 2 veker.

Avstand til nabogrense er i samsvar med pbl. § 70 nr. 2.

Vurdering:

I høve gjeldande reguleringsplan er det i det aktuelle byggeområdet ikkje høve til å byggje hytter som har større bebygd areal enn 140m². Den omsøkte hytta har eit bebygd areal på 152,6 m². Det er på bakgrunn av dette søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen.

Dispensasjonssaka vart handsama i teknisk styre sitt møte den 15.09.2009, og dispensasjon vart gitt. Viser til sak nr. 106/09.

Når det gjeld hytta elles, er denne i tråd med gjeldande føresegner, jf. utbyggingsplan for Harpefossen FB6 og FB7.

Ansvarsrettar:

Lokal godkjenning:

Med heimel i GOF § 16 vert det gjeve lokal godkjenning for firmaet Hulebyggaren As innanfor områda utføring og kontroll av utføring av bygningstiltak, tiltaksklasse 1. Godkjenninga gjeld for bygging av fritidsbustad til Ottar Kaldhol, på eigedom gnr/bnr 20/116 i Eid kommune

Med heimel i GOF § 16 vert det gjeve lokal godkjenning for firmaet Maskinentreprenør Inge Jan Dalset innanfor områda utføring og kontroll av utføring av grunn og terrengarbeid, tiltaksklasse 1. Godkjenninga gjeld for bygging av fritidsbustad til Ottar Kaldhol, på eigedom gnr/bnr 20/116 i Eid kommune

Med heimel i GOF § 16 vert det gjeve lokal godkjenning for firmaet Jon Balsnes innanfor områda utføring og kontroll av utføring av mur og tømrerarbeider, tiltaksklasse 1. Godkjenninga gjeld for bygging av fritidsbustad til Ottar Kaldhol, på eigedom gnr/bnr 20/116 i Eid kommune.

Rørleggar Arne Steen Bjørlo får i medhald av plan- og bygningslova §§ 93b, 97 og 98 ansvarsrett innan omsøkte fagområder og tiltaksklasse for dette tiltak, i samsvar med søknad om ansvarsrett dagsett 17.07.2009.

Kommunen sine merknader til søknaden:

- Plan- og bygningslova § 99: Før bygget vert teke i bruk må kommunen godkjenne bygget og gje bruksløyve. Alle kontrollerklæringar må vere leverte før ferdigattest kan utskrivast.

- Plan og bygningslova § 96: Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller arbeidet vert innstilt for lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort.

- **Før gravearbeidet startar opp må tiltakshavar ha søkt om graveløyve, og forsikre seg om at det ikkje er fare for skadar på røyr- og leidningsnett.** ***Ta kontakt med driftsavdelinga i Eid kommune for meir informasjon.***

- Avkjørsle skal byggast og vedlikehaldast i samsvar med *"Forskrift om alminnelige regler om bygging vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg"*, FOR-1964-07-16-3905.

- Kommunen gjer merksam på at utføring som ikkje er i samsvar med gjevne løyve er ulovleg byggjearbeid som kan følgjast opp med sanksjonar etter pbl. §§ 113 flg. Vert det gjort endringar i prosjekteringa etter at løyve er gjeve, må det søkjast om endring av dette etter pbl. § 93 bokstav b). Det vert også vist til at ansvarleg søkjar er ansvarleg for at opplysningane som vert gjeve i samband med søknaden er korrekte, jf pbl. § 110 nr. 7 om straffeansvar for ansvarshavande som gjev uriktige eller villedande opplysningar.

VEDTAK:

I samsvar med plan- og bygningslova § 95a jf. § 93 vert det gjeve løyve til oppføring av hytte på gnr. 20 bnr. 116 slik det er søkt om.

Kommunen sine merknader til søknaden skal takast omsyn til ved gjennomføringa av tiltaket.

Med heimel i GOF § 16 vert det gjeve lokal godkjenning for firmaet Hulebyggaren As innanfor områda utføring og kontroll av utføring av bygningstiltak, tiltaksklasse 1. Godkjenninga gjeld for bygging av fritidsbustad til Ottar Kaldhol, på eigedom gnr/bnr 20/116 i Eid kommune

Med heimel i GOF § 16 vert det gjeve lokal godkjenning for firmaet Maskinentreprenør Inge Jan Dalset innanfor områda utføring og kontroll av utføring av grunn og terrengarbeid, tiltaksklasse 1. Godkjenninga gjeld for bygging av fritidsbustad til Ottar Kaldhol, på eigedom gnr/bnr 20/116 i Eid kommune

Med heimel i GOF § 16 vert det gjeve lokal godkjenning for firmaet Jon Balsnes innanfor områda utføring og kontroll av utføring av mur og tømrerarbeider, tiltaksklasse 1. Godkjenninga gjeld for bygging av fritidsbustad til Ottar Kaldhol, på eigedom gnr/bnr 20/116 i Eid kommune.

Gebyr for tenester etter Plan og Bygningslova:

jf Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova og Lov om eigarseksjonering av 6. desember 2005, vedteken med heimel i pbl. § 109.

01.s) Hytte, sommarhus og liknande fritidsbygg	2 500,-
15. b) Føretaksgodkjenning 2.gong og vidare fornying	700,-
15. b) Føretaksgodkjenning 2.gong og vidare fornying	700,-
15. b) Føretaksgodkjenning 2.gong og vidare fornying	700,-
19. Gebyr pr m² Bruksareal 186,2 m² x 10,-	1 862,-
Totalt:	**6 462,-**

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter faktureringsdato.

Ivar Viddal
rådmann

Gerd Fløde Bjørlo
plan-og utviklingssjef

EID KOMMUNE
PLAN- OG UTVIKLINGSAVDELINGA

Hulebyggaren AS
Postboks 286

6771 NORDFJORDEID

Vår ref.	Dykkar ref.	Dato:
09/1448-6/GBNR-20/116, K1-614//TTE		02.10.2009

MELDING OM VEDTAK - LØYVE - HYTTE

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

VEDTAK:

I samsvar med plan- og bygningslova § 95a jf. § 93 vert det gjeve løyve til oppføring av hytte på gnr. 20 bnr. 116 slik det er søkt om.

Kommunen sine merknader til søknaden skal takast omsyn til ved gjennomføringa av tiltaket.

Med heimel i GOF § 16 vert det gjeve lokal godkjenning for firmaet Hulebyggaren As innanfor områda utføring og kontroll av utføring av bygningstiltak, tiltaksklasse 1. Godkjenninga gjeld for bygging av fritidsbustad til Ottar Kaldhol, på eigedom gnr/bnr 20/116 i Eid kommune

Med heimel i GOF § 16 vert det gjeve lokal godkjenning for firmaet Maskinentreprenør Inge Jan Dalset innanfor områda utføring og kontroll av utføring av grunn og terrengarbeid, tiltaksklasse 1. Godkjenninga gjeld for bygging av fritidsbustad til Ottar Kaldhol, på eigedom gnr/bnr 20/116 i Eid kommune

Med heimel i GOF § 16 vert det gjeve lokal godkjenning for firmaet Jon Balsnes innanfor områda utføring og kontroll av utføring av mur og tømrerarbeider, tiltaksklasse 1. Godkjenninga gjeld for bygging av fritidsbustad til Ottar Kaldhol, på eigedom gnr/bnr 20/116 i Eid kommune.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast med heimel i Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 (pbl.) § 1-9, jf Lov om behandlingsmåten i forvaltningen av 10. februar 1967 (forvaltningslova) kapittel VI. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt melding om vedtaket er kome fram til vedkomande part, jf forvaltningslova § 29. Klageskjema er vedlagt.

Viser elles til vedlagde saksutgreiing

Med helsing

Gerd Fløde Bjørlo
Plan-og utviklingssjef

Tonje Lønnebakke Tennebø
Saksbehandler

Kopi til:

Ottar Kaldhol	ulsteinvik	6067	ULSTEINVIK

FERDIGATTEST

etter plan- og bygningslova av 14. juni 1985 § 99 nr 1

Ansvarleg søkjar:	Tiltakshavar:
Hulebyggaren AS	Ottar Kaldhol

Byggestad:	Gnr:	Bnr:	Festnr:	Seksjonsnr:
Harpefossen Hyttegrend	20	116		

Dykkar søknad:	Dato: 23.07.2009	Arkivsak: 09/1448	
Kva slag arbeid:	Nybygg		
Kva slag bygg:	Fritidsbustad		
Kontrollansvarleg:	Hulebyggaren AS, Inge Jan Dalset, Jon Balsnes, Rørleggar Arne Steen Bjørlo		
Behandling/ vedtak av løyve:	Plan- og utviklingsavdelinga etter gjeva fullmakt	vedtak dato: 23.09.2009	Lnr: 357/09
Behandling/ vedtak av ferdigattest:	Plan- og utviklingsavdelinga etter gjeva fullmakt	vedtak dato: 31.01.2011	Lnr: 028/11

Kontrollansvarlege har sett til at sluttkontroll og avsluttande gjennomføring av kontrolldokumentasjon for det ferdige tiltaket er gjennomført. Gjennom dette har kontrollansvarlege stadfesta at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, slik vilkåra er sett for løyve i, eller i medhald av plan- og bygningslova. Dette har kommunen lagt til grunn for vedtak om ferdigattest. Følgjande merknader er knytt til ferdigattesten:

- Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det løyvet gjeld for. Bruksendring krev særskilt løyve, jf pbl. § 93.
- Eigar av tiltaket skal i samsvar med pbl. § 89 sjå til at tiltaket vert halde i slik stand at fare ikkje oppstår for person eller eigedom, og at dette ikkje verkar skjemmande i seg sjølv eller i høve omgjevnadene.
- Ein ferdigattest som er gjeve på uriktig grunnlag kan trekkjast attende, jf lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967 kapittel VI.
- Forholdet mellom bygningsstyresmaktene og dei ansvarlege opphøyrar ved utferding av ferdigattest. Etter dette tidspunkt vert pålegg etter pbl. § 113 retta mot tiltakshavar. Ansvarlege ber likevel ansvaret for feil som er gjort innan ferdigattesten vert gjeve.

Underskrift:

Stad:	Dato	Sign. / stempel
Nordfjordeid	31.01.2011	EID KOMMUNE Plan- og utviklingsavdelinga Arne Steen Bjørlo

Innhald: side

1 Forord 3
2 Grunnlag og målsetting for planarbeidet 3
2.1 Plangrunnlag 3
2.2 Kartgrunnlag 3
2.3 Målsetting 3
3 Planområdet 3
3.1 Lokalisering og avgrensing 3
4 Innspel til planarbeidet 4
4.1 Innkomne merknader etter varsel om oppstart - vurdering 4
5 Omtale av planen 5
5.1 Areal 5
5.2 Byggeområder 5
5.2.1 Generelt 5
5.2.2 Hytteområde FB7, Naustdalssetra 7
5.2.3 Hytteområde FB6, Furuhogane 7
5.3 Friområde 8
5.3.1 Skiløype 8
5.4 Fellesområder 8
5.4.1 Generelt 8
5.4.2 Veg 1 8
5.4.3 Veg 2 og veg 3 9
5.4.4 Stikkvegar 9
5.4.5 Felles parkeringsplassar 9
5.4.6 Parkeringsdekning for hyttetomtene 10
5.4.7 Anna fellesareal for fleire eigedommar 10
5.5 Grøntstruktur 10
5.5.1 Friluftsområde 10
5.5.2 På hyttetomtene 12
FØRESEGNER 13

1 Forord

På oppdrag frå Harpefossen Hyttegrend AS representert ved Stein Bjørhovde har Nordplan AS utarbeidd eit framlegg til utbyggingsplan for hyttefelt FB6 og FB7 i Hjelmelandsdalen i Eid kommune. Planarbeidet har skjedd i samråd med administrasjonen i Eid kommune. Kontaktperson i kommunen har vore planleggar Asbjørn Tverberg. Utbyggingsplanen er utarbeid av sivilarkitekt Oddhild Fausa og ingeniør Gudveig Fure Oksholen.

2 Grunnlag og målsetting for planarbeidet

2.1 Plangrunnlag

Kommuneplanens arealdel gjeld for området. Området er ikkje regulert tidlegare.

2.2 Kartgrunnlag

Området har økonomisk kartgrunnlag med 5-meterskoter og oppmålingar langs veg 1 med 1-meterskoter. Ein må etter vårt syn pårekne ein del justeringar av plasseringar for hytter og veg p.g.a. dårleg kartgrunnlag.

2.3 Målsetting


Målsettinga med planarbeidet er å få lagt til rette for hytteutbygging, få fastlagt vegsystem og ein overordna grøntstruktur i området.

3 Planområdet

3.1 Lokalisering og avgrensing



Lokalisering av planområdet



Løypekart for Harpefossen. H4 tilsvarar FB7 og H5 tilsvarar FB6.

I vest grensar planområdet inn mot Utbyggingsplan for områda FB2, FB3, FB4 og FB5 i Hjelmelandsdalen. Elles grensar planområdet inn til LNF-områder.



Utsikt mot søraust frå felt FB3 Hjelmelandsdalen.



Utsikt frå FB6 mot sørvest, nedover

4 Innspel til planarbeidet

4.1 Innkomne merknader etter varsel om oppstart - vurdering

Oppstart av planarbeidet blei varsla i Fjordenes Tidende og Fjordabladet 17.07.06, samt med brev til aktuelle høyringsinstansar. Etter varsel om oppstart har det kome inn uttale frå følgjande partar:

4.1.1 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Brev datert 21.08.06:

- **Miljøvernavdelinga:**
  Har ikkje avgjerande merknader til hyttebygging i samsvar med vedteken kommunedelplan for Hjelmelandsdalen.

- **Landbruksavdelinga**(etter fullmakt frå fylkeslandbruksstyret):
  Har ikkje merknadar til oppstartsvarselet

4.1.2 Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kulturavdelinga. Brev datert 29.08.06:

- Har ingen avgjerande merknadar til utbyggingsplanen når det gjeld automatisk freda og nyare tids kulturminne

5 Omtale av planen

5.1 Areal

Planområdet har eit totalt areal på omlag 247 dekar. Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsformåla slik tabellen under viser.

Reguleringsføremål	**Plannemning**	**Areal, totalt**
Fritidsbustader/ hytter	FB6-1 - FB6-13 FB7-1 - FB7-7	83,7 daa 50,7 daa
Spesialområde- Friluftsområde (på land)	SpF1 – SpF21	74,2 daa
Felles parkering	FP1 – FP5	3,4 daa
Anna fellesareal for fleire eigedommar	F	0,8 daa
Skiløype, turveg	S	7,1 daa

I tillegg kjem areal til felles veg inkludert sideareal til vegen, totalt om lag 27,3 daa.

5.2 Byggeområder

5.2.1 Generelt

Totalt viser planen 101 hyttetomter. Det er lagt opp til køyreveg fram til alle hyttene. Parkering er forutsett å skje inne på eiga hyttetomt.


Det er lagt opp til framføring av vatn og kloakk til kvar hyttetomt. Leidningar er forutsett lagt i vegane. Der dette ikkje let seg gjere kan ein vurdere å legge leidningane i friluftsområda, men det må då reetablerast med stadeigen vegetasjon. Tiltaka må synleggjerast på plan som skal godkjennast av kommunen før oppstart.

Det er ikkje lagt opp til konsentrert hyttebygging i planen, med samanbygde hytteanlegg og liknande. Alle hyttene er tenkt som frittliggande bygg, som ei vidareføring av den type utbygging som finst i området frå før.

Inngrep på tomta skal gjerast so skånsamt som mogeleg for å ta vare på naturpreget. Det skal ikkje gjerast større terrenginngrep enn det som er naudsynt for å få plassert bygget.

Hyttene skal ligge tilbaketrukket og innpassast best mogeleg i terrenget og innrette seg etter dette. Hyttene skal ikkje plasserast dominerande i terrenget, og må plasserast slik at dei ikkje får silhuettverknad. Den enkelte hytta bør utformast på ein måte som gjer at den best mogeleg passar inn på tomta og den skal vere underordna naturpreget i området. Hyttene skal plasserast med omsyn til å oppnå gode soltilhøve i uteområda og med omsyn til soltilhøva til dei andre hyttene i området.

Vedlagt byggesøknad skal det følgje snitt/profiler som viser byggets plassering i terrenget. Ved byggemelding skal det følgje situasjonsplan som viser plassering av planlagt bygg på tomta.




Illustrasjonen over er henta frå Byggforskserien

Hyttene skal byggast i materialar i tråd med lokal byggeskikk, med bordkledning og knappe detaljar. Fargane på kledning og taktekking skal vere avdempa og naturlike. Bruk middels til mørke jordfarger i skog og fjell. Unngå for store kontraster, for eksempel mellom vindskier og vegg. Val av taktekking er viktig for hytta si utsjånad og fjernverknad, og skal vere torv , skifer eller tre. I skog og fjell har hytter tradisjonelt saltak, og dette skal brukast der ikkje spesielle omsyn tilseier noko anna.

Hyttene skal ligge lavast mogeleg i terrenget. Bygningar skal ikkje stå på pålar.

Terrasser skal byggast på terrengnivå, maks avvik frå opphavleg terreng vert sett til 30 cm.
Terrasser skal byggast i tre eller naturstein.
Frittståande boder/uthus kan ikkje vere større enn 10 m2.


Der terrenget er bratt bør det veljast ein smal og langstrakt bygningskropp på langs av terrengfallet for å unngå for høg grunnmur på nedsida. Høgda på grunnmur bør ikkje overstige 30 cm og må ikkje overstige 1 m. Grunnmur bør byggast i gråstein, eller forblendast med gråstein.



Teikninga viser forholdet mellom bygningsbreidde og terrengfall

Der forholda ligg til rette for det (på flatare område) kan gavlen leggast på tvers av terrengfallet. Dette kan gi fordelar med omsyn til utsiktsforholda for hyttene bak, og takflata kan bli mindre dominerande i fjellsida. Dersom ein vel å legge gavlen på tvers av terrengfallet, må ein unngå for brei gavlfasade. Hytta bør alltid ha mønet parallelt med lengderetninga på bygget.

Områder med terrengfall mellom 1:3 – 1:6 kan byggast ut med bygningar som tar spesielt omsyn til terrengtilpassing, t.d. med maks. breidde på 5,5-6 m. Det bør dokumenterast tilpassinga til terreng i desse områda.



Analyse av området som viser kva område som er best eigna til bebyggelse.

5.2.2 Hytteområde FB7, Naustdalssetra

Området skal nyttast til hytter og ev. tilhøyrande uthus. Dette området skal opparbeidast på same måte som felt FB3 (som er under oppføring), med tanke på tomtestørrelsar, tetthet m.m.

Totalt er det planlagt 39 tomter i dette feltet, med tomtestørrelsar som varierar mellom ca. 1,0 - 1,8 daa.

I felt FB7 er maks bebygd areal på hyttene 140 m2.

Feltet får tilkomst ved å vidareføre vegar nr. 1, 6 og 8 frå felt FB3. Alle vegane er dimensjonerte utifrå krava til skogsvegklasse 3, Heilårs landbruksveg.

5.2.3 Hytteområde FB6, Furuhogane

Tomtene i dette feltet er i gjennomsnitt noko større enn i felt FB7, og feltet skal delast opp med fleire grøntdrag. Tomtestørrelsane vil variere mellom 1,1 - 1,8 daa. Området skal nyttast til hytter med ev. tilhøyrande uthus. Området kan ha ei spredt utbygging, men i enkelte av områda, for eksempel FB6- 2, 4/5 og 9/10 kan hyttene plasserast i hyttetun. Disse områda må då planleggast heilskapleg og ein overordna plan må framleggast i byggesøknaden.

For hyttene i felt FB6 er maks bebygd areal 175 m2.

Feltet får tilkomst ved å vidareføre veg 1 frå FB3, gjennom FB7 og opp til feltet. Vegen oppfyller krava til skogsvegklasse 3. For tilkomst inn i feltet er det lagt inn fem stikkvegar.

5.3 Friområde

5.3.1 Skiløype

Områda merka S på planen skal nyttast til skiløype. Delar av områda er eksisterande trasé for ski-/turløype. Områda skal knytast saman med skiløypenettet som i dag er utbygd og som kjem inn i planområdet. Det kan ikkje oppførast gjerder eller andre hindringar i desse områda.

5.4 Fellesområder

5.4.1 Generelt

Det er forutsett at vegane og parkeringsplassane blir brøyta om vinteren.
Vegane er klassifisert som skogsvegklasse 3 med tanke på stigning, kurvatur og liknande. Vegklasse 3 er standard for skogsbilvegar med moderat til lav trafikkgrunnlag, og for enkle gards- og setervegar. Vegen skal kunne trafikkeras med lass heile året, unntatt i teleløysingsperioden og i periodar med spesielt mykje nedbør.

Det er berekna breddutviding for u-svingane på veg 1, men utvidinga er ikkje tatt med i plankartet. Utvidinga vert lagt berre i innersving i dei tre aktuelle svingane, og einaste tomta som vert påverka av dette er tomt 54. Dette viser på teikninga for vegberekning og horisontalgeometrien.

Det skal ved bygging av vegtrasear jordslåast og tilstellast i inngrep i terrenget. Stadeigen vegetasjon skal i størst mogleg grad tilbakeførast der det er gjort inngrep i samband med vegbygginga.



Oversiktsbilde av felt FB3. Veg1, veg6 og veg8 skal vidareførast inn i felt FB7.

5.4.2 Veg 1

Denne vegen er hovudvegen i planen og vil gi tilkomst til delar av felt FB7 og heile FB6, samt det nye skitrekket som er planlagd. Vegen er ei vidareføring av veg1 i FB3 (som er under oppføring), går gjennom felt FB7 og vidare opp til og gjennom felt FB6. Stikkvegane i felt FB6 knyter seg inn på veg 1. Det brattaste partiet på vegen får ei stigning på om lag 120 promille (ca. 1:9- 1:8), på strekningar inntil 150m. Elles ligg maks stigninga på vegen på om lag 100 promille (1:10). Vegbreidda er 5,5m inkludert skuldrer. Det er ikkje tillat med parkering langs vegen.

For å oppfylle krava i skogsvegklasse 3 må det anleggast ein møteplass langs vegen mellom felt FB7 og FB6. Den innbyrdes avstanden mellom møteplassane bør ikkje overstige 500 m. Møteplassen skal dimensjonerast for møte mellom liten lastebil og vogntog, dvs. at møteplassen må ha plass til ein liten lastebil. Etter ynskje frå grunneigarar skal møteplassen plasserast i grensa mellom to eigedommar, med tanke på skogsdrift. Plassen bør leggast best mogleg i terrenget. Langs resten av veg 1 kan stikkvegar og avkøyrsler nyttast som møteplassar. Kravet til snuplass for vogntog er oppfylt ved at ein kan nytte parkeringsplassen i enden av vegen.
Vegen er regulert til felles avkøyrsle/tilkomst, og er felles for hyttene i felt FB6-1 til FB6-13, tomt 63-68 i FB7 og brukarar av skitrekket.

5.4.3 Veg 2 og veg 3

Desse vegane er også vidareført frå felt FB3 og inn i felt FB7(Naustdalssetra). Veg 8 i FB3 heiter veg 2 i FB7, og veg 6 i FB3 heiter veg 3 i FB7. Den brattaste stigninga på desse vegane vil vere på om lag 100 promille (1:10).
Vegbreidda er 5,5m inkludert skuldrer.Det er ikkje tillat med parkering langs vegen. Snuplassane er dimensjonert som vanlege snuplassar på tilkomstvegar. Dersom vegane seinare vert vidareført for å nyttast som skogsveg må det anleggast større snuplassar. Vegane er regulert til felles avkøyrsle/tilkomst og er felles for hyttene i felt FB7-1 til FB7-7.

5.4.4 Stikkvegar

Stikkvegar nr. 4 – 8 er felles for hyttene i feltet. Stikkvegane er regulert til felles avkøyrsle/tilkomst, og er felles for dei tomtene som grensar inn til kvar stikkveg. Vegbreidda er 4m inkludert skuldrer.

5.4.5 Felles parkeringsplassar

Ved enden av veg 1 er det regulert inn ein større felles parkeringsplass FP1 med plass til 96 bilar. Dette skal dekke gjesteparkering for hyttetomtene langs veg1 i FB6 og i tillegg dekke parkeringsbehovet for skitrekket/rekreasjon i området. Plassen er utforma slik at den også kan brukast til snuplass for større kjøretøy.



Parkeringsplassen i enden av veg 1 er regulert inn i dette området, i tregrensa ovanfor felt FB6

I hytteområde FB6 er det også regulert inn fleire mindre felles parkeringsplassar i sambande med stikkvegane, som skal bidra til å dekke behovet for gjesteparkering lenger nedover i feltet. For tomt nr 7 – nr 16 og tomt nr 20 – nr 62 er det lagt inn ca 0,5 gjesteparkering pr. tomt. For tomt nr 1- nr 6 og tomt nr 17 – nr 19 er det tenkt at dei kan

nytte parkeringsplassen i enden av veg 1 til gjesteparkering. Under utbygging av området kan desse plassane nyttast som riggplassar.
Felles parkeringsplass FP2 er felles for hytte nr 7 til og med nr 14 og skal opparbeidast med 4 p-plassar, dvs 0,5 gjesteparkeringsplassar per hytte.
Felles parkeringsplass FP3 er felles for hytte nr 15 og nr 16, og for hytte nr 20 til og med nr 29, og skal opparbeidast med 6 gjesteparkeringsplassar, dvs 0,5 plassar per hytte.
Felles parkeringsplass FP4 er felles for hytte nr 30 til og med nr 39, og for hytte nr 59 til og med nr 62, og skal opparbeidast med 9 gjesteparkeringsplassar, dvs 0,5 plassar per hytte.
Felles parkeringsplass FP5 er felles for hytte nr 40 til og med nr 58 og skal opparbeidast med 9 gjesteparkeringsplassar, dvs ca 0,5 plassar per hytte.

5.4.6 Parkeringsdekning for hyttetomtene

For hytteområda er det lagt til grunn ein parkeringsdekning på 2 plassar pr. hyttetomt. Det er lagt opp til at begge parkeringsplassane skal opparbeidast på eigen grunn. Fellesparkeringsplassane skal ikkje dekke dette behovet


5.4.7 Anna fellesareal for fleire eigedommar

Området F er satt av til fellesareal for hyttene i område FB6 og kan nyttast til felles opplegg for avfall og kjeldesortering.

5.5 Grøntstruktur

5.5.1 Friluftsområde

Det er lagt vekt på å regulere inn ein god overordna grøntstruktur i planområdet, som skal sikre område med særskilte kvalitetar, underdele byggeområda, bidra til ein god fjernverknad, samt sikre tenlege "ferdselsårer" for gåande både sommar og vinter.
Områda er regulert til Spesialområde – friluftsliv; merka SpF i planen.
Ein skal i størst mogeleg grad bevare landskapet sin utmarkskarakter og rekreasjonsverdi.
Det ikkje tillate å sette opp stengsler som hindrar allmenn ferdsel.




Analyse av vegetasjonen i planområdet

Analyse av vegetasjon og bratthet i planområdet har fungert som grunnlag for utarbeiding av grøntstrukturplanen i området. På tvers av lengderetninga i landskapet er det regulert inn fleire grøne kanalar. Desse bind saman hytteområda og vil vere aktuelle trasear for å kome seg opp på fjellet. Eitt av dei grøne tverrsambanda er lagt til skiløypa gjennom FB6. Det er også regulert inn smalare grøne kanalar på langs i terrenget. Desse vil kunne fungere som løypetrasear vinterstid samt som buffere mellom hytteområda sett frå dalen.


I FB7 er grøntdraget i nord-sør-retning tatt vare på etter ynskje frå bønder i området då dei i dag nyttar denne traseen til å føre dyr på beite. I tillegg er det lagt inn eit grøntområde sørvest i feltet for å skjerme eksisterande hytter sør for feltet. Steingarden i dette området bør ein prøve å behalde som eit landskapselement der det er mogleg.

I felt FB6 vert grøntdrag brukt til å dele opp byggeområdet. Langs skiløypetraseen er det lagt inn eit grøntdrag for å sikre traseen gjennom hytteområdet med buffersone til kvar side mot hyttetomtene, og sikre samanhengen frå hytteområdet og til friluftsområda rundt. Breidda på skiløypa er satt til 6meter og avstanden frå løypa og til tomtegrensene varierer med eit minimumsmål på 5 meter. Dette gir ei byggegrense med minsteavstand 9 meter frå skiløypa. I tillegg er det søkt å unngå utbygging i dei aller brattaste områda. Desse er regulerte som friluftsområde, men vil ha sin hovudfunksjon som grøne landskapselement.



Prinsipp for grøntstrukturen i planområdet.

For endane av stikkvegane i felt FB6 er det lagt inn smale grøne kanalar inn i dei breiare friluftsområda. Desse kanalane kan fungere som stiar utan særleg opparbeiding. Om ønskjeleg kan stien grusast opp på ein underlagsduk. Det er då viktig å passe på at stien føyer seg godt inn i terrenget.



Eksempel på grusa sti som ligg godt i terrenget.



Eksisterande sti langs elva aust for FB6

Det er høve til å ta ut skog frå friluftsområda i samråd med grunneigar og hyttegrend, men det skal ikkje drivast snauhogst. Beitedyr (sau og kyr) kan gå i friluftsområda.
Alle bygningar og anlegg skal utformast slik at beitedyr ikkje kjem til skade.

5.5.2 På hyttetomtene

Eksisterande vegetasjon skal ikkje fjernast utover det som er naudsynt for å få ført opp bygningane og opparbeida tilkomstvegar og parkeringsplassar. Det er ynskjeleg å behalde mest mogleg av den naturlege vegetasjonen. Det er kunn tillate å fjerne vegetasjon som er naudsynt for plassering av bygningar og anlegg av tilkomstveg og leidningar.
Det skal takast omsyn til eksisterande furutre. Anna trevegetasjon kan om naudsynt ryddast bort. Det skal ikkje plantast inn ny vegetasjon rundt hyttene. Unnatak er vegetasjon som vert planta inn for å reparere skader på terrenget. Det må då nyttast artar som naturleg veks i området.
Tomteeigarar har ansvar for å sette i stand og så til på tomtene etter kvart som ubygginga blir ferdig. Planutvalet kan pålegge reparasjon av uheldige tiltak og inngrep.

Ålesund, 08.01.07
for Nordplan AS

siv. ark. Oddhild Fausa
ing. Gudveig Fure Oksholen

FØRESEGNER

UTBYGGINGSPLAN FB6 OG FB7 HARPEFOSSEN
EID KOMMUNE
Føresegner datert 08.01.2007
Mindre endring av føresegner, datert 18.03.2014
Plankart , datert 08.01.2007

§1 GENERELT

1.1 Desse føresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet.
Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.

1.2 Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av kommunestyret i Eid.

1.3 Etter at desse føresegnene er vedtekne, er det i planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.

1.4 Området er regulert til følgjande formål:

Byggeområder (pbl §25.1 nr. 1)
- Fritidsbustader/hytter

Friområder (pbl §25.1 nr. 4)
- Skiløype

Spesialområder (pbl §25.1 nr. 6)
- Friluftsområde (på land)
- Frisiktsone ved veg

Fellesområder (pbl §25.1 nr. 7)
- Felles avkøyrsle/tilkomst
- Felles parkeringsplass
- Anna fellesareal for fleire eigedommar

§2 FELLES FØRESEGNER

2.1 **Tekniske anlegg**
Spillvatn skal ledast/pumpast til område avsett til VA-anlegg i tilstøytande plan for område FB2-5. Tilknytinga til dette anlegget ligg i veg 1 og grensar inn til planen.
Det skal lagast ny vasstilførsel frå Kjenndalselva, evt. Kjenndalsvatnet, når vegen til Furuhogane blir bygd. Denne forsyninga skal koplast saman med vannledningane i FB2. Inntil denne løysinga vert bygd ut er vassforsyninga frå borehull.

Tekniske føringar skal hovudsakleg følgje veg for å unngå unødvendige inngrep.
Nye luftspenn i områda er ikkje tillate. Alle kablar skal førast fram i lukka grøft.
Felles område for avfall og kjeldesortering for område FB7 skal skje på fellesområde FG1 i tilstøytande plan for områda FB2-5.

2.2 Utnytting

Tillate grad av utnytting vert oppgjeven som utbygd areal i prosent av tomtearealet (%BYA). Prosent utbygd areal kan vere maks. 20% for både FB6 og FB7., men utbygd areal på hytta skal likevel ikkje overstige 140 m2 for hytter i område FB7 og 175 M2 for hytter i område FB6. Berekningsmåte er definert i "Veileder til grad av utnytting T1205".

2.3 Støy

Områda er ikkje vurdert med omsyn til støy.

2.4 Byggjegrenser

Byggjegrenser mot vegar er vist på plankartet. Der byggjegrenser ikkje er vist, gjeld reglane i veglova og i plan- og bygningslova §70 om avstand frå veg, annan bygning og eigedomsgrense.

2.5 Møne-/gesimshøgder

Maks. tillate mønehøgde frå toppen av grunnmur er 6,0 m. Høgde på synleg grunnmur skal ikkje overstige 1,0 m. Terrenget rundt grunnmur skal i størst mogleg grad ha opphavleg terrengnivå og utforming, og skal ikkje planerast ut i større flater eller byggast opp.

2.6 Parkeringsplassar

Kvar utbyggar skal på tomta tilrettelegge eit tilstrekkeleg tal parkeringsplassar, maks. to stk. I tillegg blir det i felt FB6 medrekna ca 0,5 gjesteparkeringsplass pr. tomt på felles parkeringsplassar.
Felles parkeringsplass kan nyttast som vinterparkering.

2.7 Gjerde

Det er tillate å gjerde inn hyttene i ein avstand på inntil 6 m frå hytteveggen og i ytterkant av terrasse. Gjerde skal ikkje vere nærare tomtegrense enn 3 meter der tomta ikkje grensar til veg eller friområde. Dersom to hytter står så tett at ein ikkje får 6 meter mellom gjerda, kan to hytter gjerdast i lag dersom det er god plass på dei andre sidene av tomta.

Det skal nyttast plankegjerde eller tørrmur av naturstein. Maks. høgde er 1,0 m. Gjerdet skal ha utforming, materiale og fargebruk som harmonerer med den tilhøyrande hytta.

Det er tillate å gjerde inn hyttene med elektrisk gjerde i beitesesongen. Ved bruk av straumgjerde, er det berre tillate å nytte stolpar i tre. Trådgjerdet skal ha minimum fire trådar der nederste tråd går til jord. Trådgjerdet skal ha galvanisert streng/wire eller polyester tråd/tau. Farge på tråd, isolatorar og anna materiell skal vere naturfarga (ikkje kvit, oransje etc.). Stolpane skal stå så tett at det ikkje vert slakk på tråd, slik at dyr ikkje kan gå under tråden, det skal ikkje gjerdast inne meir enn naudsynt og

det skal alltid vere minst 6 m mellom gjerda. Det skal alltid vere straum på gjerdet. Tråd skal takast ned når beitesesongen er slutt.

Grunneigar/tiltakshavar er ansvarleg for at straumgjerdet vert halde i slik stand som føresegna krev. Dette inneber at det må førast jamleg tilsyn med straumgjerdet.

Det er også tillate å gjerde inn oppstillingsplass for bil/trafikkareal og eventuell grill- og uteplass på inntil 100 m2.

2.8 Terrasser

Terrasser skal tilpassast bygga og ligge på terrengnivå. Terrasser, verandaer eller andre konstruksjonar over terreng utan tak i tilknyting til hytta skal ikkje byggast meir enn 2,5 m (brutto) utanfor veggliv. Bygging på pålar er ikkje tillate. Byggemateriale skal vere naturstein eller tre. Rekkverk maks. høgde 1,0m. Det skal ikkje vere opningar under trapper og terrasser av ei slik utforming at dyr kan gå seg fast.

2.9 Ubygd areal

Ubebygd del av tomtene skal så langt som mogleg oppretthaldast i naturleg karakter og ein skal i størst mogleg grad prøve å ta vare på naturleg vegetasjon. Nødvendige forstøtningsmurer i terreng skal utførast i naturstein. Tomteområda skal vere ryddig både i og etter byggjeperioden, slik at dyr ikkje kan gå seg fast.

2.10 Landskap og vegetasjon

Ein skal også i størst mogleg grad prøve å ta vare på eksisterande verdifull vegetasjon i planlegging av hyttene. Det er viktig for området sin heilskap at vegetasjonsgrunnlaget blir ivaretatt i område som ikkje blir nytta til bygging eller vegar.

2.11 Byggjemelding/ byggesøknad

Kommunen skal ved handsaming av byggjemeldingar/søknader sjå til at hyttene får ei god form, og at bygningar i same gruppe får ei harmonisk utforming. I samband med planlegging av hyttetun skal det leverast ein samla plan for kvart område. Utvendige fargar, inkludert takfarge og materialbruk, som kledнings- og tekkingsmaterialar, skal godkjennast av kommunen og skal vere oppgitt i byggesøknaden.
Det må ikkje nyttast utvendig kledning, faste bygningselement eller taktekking som i material- og fargebruk verkar dominerande (t.d. signalfargar) eller skjemmande for omgjevnaden.

I samband med søknaden skal det leverast ein situasjonsplan i 1:500 som viser:

- Avkøyrsle frå veg
- Plassering av alle bygningar, også framtidige bygg
- Ev. fortsøtningsmurar, gjerder og liknande.
- Areal til biloppstillingsplassar, maks. to stk.
- Dekketype på vegar og plassar, samt handtering av overflatevatn skal vere skildra
- Korleis den delen av tomta som ikkje skal byggast ut skal nyttast

I tillegg skal det leverast terrengprofil i målestokk 1:200 som viser:

- Terrengprofil før bygging
- Terrengprofil etter bygging med planlagde bygg innteikna

2.12 **Andre anlegg**
Det er ikkje tillate med flaggstang. Det er ikkje tillate med parabolantenne eller andre tekniske anlegg som kjem over mønet.

2.13 **Boder/uthus**
Frittståande boder/uthus kan ikkje vere større enn 10 m2.

§3 BYGGJEOMRÅDER

3.1 **Fritidsbusetnad - hytteområde**
Område **FB6-1 – FB6-13 og FB7-1 – FB7-7** er sett av til hytter og kan seljast som eigedomstomter.

Hyttene skal tilknytast straum-, vatn- og avløpsanlegg.

Hyttene skal ha saltak med takvinkel på 25 – 35 grader, eller pulttak dersom det blir nytta terrengtilpassa, avtrappa bygningar. Bygningane skal ha møne i hyttene si lengderetning og ha gode proporsjoner.

Materialbruk skal vere bordkledning av tre og grunnmur av gråstein, ev. forblending med naturstein. Hyttene skal beisast eller malast i avdempa naturlike fargar, eller det kan nyttast ubehandla treverk som grånar naturleg. Hyttene kan ha torv, skifer eller tretak. Den enkelte hytta skal vere tilpassa tomta ho står på.

Inngrepa kring hytta skal haldast på eit minimalt nivå. Naturleg botnvegetasjon skal takast vare på så langt som råd.
Kvar hytte kan ha ein etasjehøgde. Det kan innreiast hems oppunder taket. Det er tillate med vinkelbygg. Det kan førast opp ein påbygd 2.etasje i form av oppstove med eit måleverdig areal på inntil 40% av bruksareal (BRA) i 1.etasje.

For hyttene i felt FB6 er maks bebygd areal 175 m2, medan det i felt FB7 er maks bebygd areal 140 m2.

I samband med utbygging av ei hyttetomt skal det leggast fram ein situasjonsplan som viser utbygging på tomta, samt avkjørsle frå tilkomstveg og eventuell parkeringsplass.

Plassering av hytte på utbyggingsplan er ikkje bindande men berre for illustrasjon.

§4 FRIOMRÅDER

4.1 **Skiløype**
Områder regulert til skiløype er merka S i planen. Områda skal nyttast til ski-/turløype. Gjerder eller andre hindringar for allmenn ferdsel er ikkje tillate.

Delar av området er eksisterande trasé for ski-/turløype. Planlagde trasear skal knytast saman med det eksisterande ski- og turløypenettet som kjem inn i området. Traseen er regulert med ei bredde på 6,0 m.

Vegetasjonsbuffer på min. 5,0 m skal oppretthaldast på kvar side gjennom planområdet.

§5 SPESIALOMRÅDER

5.1 Friluftsområde (på land)

Område regulert til Spesialområde – friluftsområde er merka SpF i planen. Områda er grøntbelter innanfor planområdet og buffersoner i samanheng med ski-/turløypetraseen. Buffersona er regulert med min. 5,0 m bredde og skal oppretthaldast på kvar side gjennom planområdet.

Det er høve til å ta ut skog frå friluftsområda i samråd med grunneigar og hyttegrend, men det skal ikkje drivast snauhogst. Skogsdrift skal skje i samråd med kommunen.

Steingarden i område FB7 skal ein forsøke å behalde som eit landskapselement der det er mogleg.

I friluftsområda vert det ikkje lov å sette i verk tiltak til ulempe for fri ferdsel. Det er ikkje lovleg å føre opp bygg eller anlegg i områda.

Det er høve til å sleppe beitedyr (sau/kyr) inn på friluftsområda.

Der det ikkje let seg gjere å føre vatn og kloakk i veg, kan ein vurdere å legge leidningane i friluftsområda. Tiltaka må synleggjerast på plan som skal godkjennast av kommunen før oppstart. Eventuelle leidningar skal ikkje ligge synleg. Leidningstraseen skal tilstellast og tilretteleggast for ferdsel etter at grøftearbeidet er avslutta.

5.2 Frisiktsone

I området mellom frisiktline og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane. Frisiktsona er dimensjonert ut frå avkjørsel på A2 veg, med fart 30 km/t.

Kommunen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona.

§6 FELLESOMRÅDER

6.1 Felles parkering

Område **FP1-FP5** er avsett til felles parkeringsplass. Grøfter, skjeringar og fyllingar i tilknyting til parkeringsplassen skal opparbeidast samtidig med parkeringsplassen.
Felles parkeringsplassar, merka FP på plankartet for hytteområda er for gjesteparkering.

Det er forutsett vinterbrøyting av FP-områda.

FP1	skal vere felles for	tomtene langs veg 1 i FB6 og eigarar av skitrekket
FP2	skal vere felles for	tomt nr 7 til og med nr 14
FP3	skal vere felles for	tomt nr 15, nr 16 og nr 20 til og med nr 29
FP4	skal vere felles for	tomt nr 30 til og med tomt nr 39 og tomt nr 59 til og med tomt nr 62
FP5	skal vere felles for	tomt nr 40 til og med nr 58

Rett til å nytte felles parkeringsplass må sikrast i eigne avtalar.

6.2 Felles avkøyrsle/tilkomst

Alle vegane i planen er regulert til felles avkøyrsle/tilkomst.
Dette formålet omfattar også areal som naturleg høyrer til vegane, som grøft, skjering og fylling. Slike areal skal jordslåast og tilstellast i samband med veganlegget og stadeigen vegetasjon skal i størst mogleg grad tilbakeførast der det er gjort inngrep i samband med vegbygginga.

Veg 1 er felles for hyttene i felt FB6-1 til FB6-13, tomt 63-68 i FB7 og brukarar av skitrekket. Veg 2 og 3 er felles for hyttene i felt FB7-1 til FB7-7. Stikkvegane er felles for tomtene som grensar inn mot vegane.

Det er ikkje tillate med andre anlegg eller innretningar enn dei som er nødvendig for drift og vedlikehald av vegen. Det er forutsett at vegane blir brøyta om vinteren.

6.3 Anna fellesareal for fleire eigedommar

Området F er satt av til fellesareal for hyttene i område FB6 og kan nyttast til felles opplegg for avfall og kjeldesortering.

***